



Adolf Hovgaard

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/778 - 18/18784

Saksbehandlar:

Kathrine Straumøy Brakstad

kathrine.s.brakstad@meland.kommune.no

07.09.2018

Referat frå kontaktmøte 05.09.2018

Til stades:

Naturviterne

Fagforbundet

Utdanningsforbundet

Juristforbundet

NFF

Berit M. Eskeland

Anita Dale

Astrid Rongevær

Erik K. Johannessen

Hilde Sæbdal

Rådmann

Personal- og organisasjonssjef

Martin W. Kulild

Kari Anne Iversen

I møte:

1) Orientering Alver kommune

Rådmannen minner om informasjonsskriva som vert sendt ut. Viktig at både leiarar og tillitsvalde oppmodar tilsette til å søkje informasjon her. Informasjonsskriv nr 6 var seinast oppdatert 30.08. I toppleiargruppa (nivå 1) er det ikkje tilsett prosjektleiar. Denne prosessen startar våren 2019. For tenesteleiarar (nivå 2) er det ikkje tilsett leiar for næring og drift og vedlikehald. Dette er i prosess no.

Organisasjonane stilte spørsmål om kva som er skilnaden på møta i pkt. 3 og 3.2 i omstillingsavtalen, og kven skal halde desse møta. Det er ønske om ei presisering av kva som skal gjerast på kva tidspunkt.

Dette tema vart drøfta i omstillingsutvalet 30.08, og eit utgangspunkt er at det er dagens leiar som har ansvar for dei tilsette i dag, den nye leiaren når Alver er etablert.

Organisasjonane ønskjer at dette vert tema på neste HTV-møte for Alver, slik at det vert felles forståing for punkta i omstillingsavtalen.

2) Økonomi Meland kommune

Når budsjett for 2019 var oppe til behandling før sommaren vart det klart at kommunen har 11

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

millionar som ikkje var finansiert. I ettertid har det også vorte klart at kommunen har lågare tilflytting enn estimert, noko som gjev lågare tilskot, og innsparinga er auka med ytterlegare ca. 2 millionar.

Politikarane meiner det er i drifta vi må kutte først, før ein kan sjå til disposisjonsfondet. Dette er ein situasjon som må jobbast med i haust. Økonomisjefen arbeider med eit forslag til rammer for neste år som tenesteområdeleiarane skal lage sitt framlegg til drift ut i frå.

Arbeidstakarorganisasjonane	Rådmann
Kjem kommunen til å redusere investeringane for å få budsjettet i hamn?	Siste signal frå politikarane er at kommunen skal byggje ny kyrkje og ungdomsskule utan gymsal.
Er det foreslått nedbemanning?	Ingen tiltak er foreslått så langt.
Er det eit prinsipp for nedskjeringa? Likt hos alle eller ser ein på tenestene?	Ingenting er vedtatt, dette må gjerast i samråd med tenesteområdeleiarane og tillitsvalde. Er mogleg å utsetje både skule og kyrkje.

3) Drøftingstema Hovudtariffavtalen

Det er 4 tema i Hovudtariffavtalen som skal ha årlege drøftingar:

- Kap 1: 2.3.1 – *heltid/deltidsstillinger*
- Kap 1: 2.3.2 – *midlertidig tilsetjing – innleie*
- Kap 3: 3.2 - *lokal lønnspolitikk*
- Kap 3: 3.2.1 – *lokale drøftingar*

Arbeidsgjevar ser for seg at dei 2 første punkta vert gjennomført i samband med eit av haustens kontaktmøte.

For dei 2 siste punkta er desse svært retta mot Alver. Arbeidsgjevar ser det difor som lite hensiktsmessig å gjennomføre drøftingar for Meland kommune.

Organisasjonane hadde ingen innvendingar mot dette.

Det kom innspel om at lønn og harmonisering bør vere tema på felles HTV-møte for Alver.

4) Oppretting av stillingar

Oppretting av stillingar er eit drøftingstema, og drøftinga skal gjerast på det enkelte tenesteområdet. I følgje Arbeidsmiljølova har arbeidsgjevar også plikt til å informere dei tilsette om stillingar som vert oppretta. Ny rutine er difor at vedtaket vert lagt på internett og at tilsetjingsutvalet får kopi av vedtaket.

5) Medarbeidarundersøking

Vi er i gang med medarbeidarundersøkinga 10-faktor. Svarfrist er 28.09.18.

Viktig at tillitsvalde, saman med leiar, oppmodar dei tilsette til å svare.

Med helsing

Kathrine Straumøy Brakstad
personalkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Anny Bastesen

Arngunna Haga

Britt Hilde Romarheim

Camilla Smith-Strøm

Eirik Bouwer Utne

Guro Osnes

Hilde Brendehaug Hugaas

Meland ungdomsskule

Hogne Brunborg

Iren Agdal

Irene Hystad Hugaas

Kari Anne Iversen

Magne Lædre

Martin W. Kulild

Monica Vabø Reigstad

Per Inge Olsen

Randi Rotevatn Minde

Tord Moltumyr

Mottakere:

Adolf Hovgaard

Anita Dale

Berit M.Eskeland

Erik Knag Johannesen

Hilde Sæbdal

Kristine Hordvik

Lars Moland

Lisbeth Øren Austgulen

Marianne Bratshaug

Merethe Tvedt